



Sak: Tilsyn med kommunal beredskapsplikt

Vår dato:

30.10.2019

Vår ref.:

2019/3306

Solund kommune  
Kommunenr. 1412

Tilsynsleiar: Mari Severinsen, seniorrådgjevar

## Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt

### Innleiing

Fylkesmannen gjennomførte 02.10.2019 tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Solund kommune.

### Heimel, føremål og avgrensingar

Tilsynet vart gjennomført med heimen i § 29 i lov av 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt av 22. august 2011.

Føremålet var å kontrollere om kommunen etterlever krav i lov og forskrift om oppfølging av kommunal beredskapsplikt jf. §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynsrapporten omhandlar dei avvik og forbetringspunkt som vart avdekt under tilsynet. Den gir ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av arbeidet som kommunen gjer på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Det er såleis heller ikkje ei evaluering av evna som kommunen har til å handtere uønskte hendingar.

### Hovudinntrykk

Kommunen viste god forståing for temaa som vart diskutert under tilsynet og god kunnskap om relevante risiko- og sårbarheitsfaktorar, både innanfor og utanfor kommunen sitt geografiske område. Kommunen nyttar aktivt pådrivarrolla si overfor andre beredskapsaktørar, og trekk særleg fram det gode samarbeidet med lensmannen knytt til det førebyggande beredskapsarbeidet.

Kommunen tilfredsstiller ikkje krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt, fordi det er manglar ved den overordna analysen av risiko- og sårbarheit (ROS-analyse) og det heilskaplege og systematiske arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.



## Deltakarar

Mari Severinsen og Stig Morten Tengesdal representerte Fylkesmannen.

Desse vart intervjua individuelt:

- Gunn Åmdal Reigstad (ordførar)
- Erik Askeland (administrasjonssjef)
- Terje Drengenes (leiar plan og utvikling)
- Anne Kari Reigstad (ingeniør plan og utvikling)

I tillegg til dei ovannemnte, var følgjande med på opningsmøte, fellesintervju og sluttmøte:

- Mark Ellevåg (stabsleiar/ass. administrasjonssjef)
- Hilde Marit Nikolaisen Trovåg (helsejukepleiar)
- Anne Brith Tangenes (styrar)
- Øystein Bolset Strand (fagansvarleg skule- og barnehage)
- Marit Utvær (konsulent servicekontoret)

## Definisjonar

**Avvik:** Brot på etterleving av krav i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt og forskrifta til denne.

**Merknad:** Funn som Fylkesmannen meiner det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølginga av beredskapsplikta.

## Resultat

Følgjande avvik vert avdekt under tilsynet:

### Avvik nr. 1

Krav til heilsakleg risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, er ikkje tilfredsstilt.

Det er i liten grad gjort vurderingar av korleis kommunen skal oppretthalde og gjenoppta eiga verksemd (med særleg vekt på oppgåvene til kriseleiinga) ved uønskte hendingar.

ROS-analysen omtalar i liten grad framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar i kommunen. Det er til dømes i liten grad skildra og vurdert korleis klimaendringar kan påverke ulike risiko- og sårbarheitstilhøve i kommunen.

Analysen er mangelfull i vurderinga av kva konkrete område i kommunen som vil vere særleg sårbare ved ulike hendingar.

I ROS-analysen er det i ulik grad vurdert kva trong det kan vere for å varsle og evakuere befolkninga ved ulike uønskte hendingar.



### Avvik nr. 2

Krav til heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, er ikkje tilfredsstilt.

Det er ikkje utarbeidd langsiktige mål og strategiar med bakgrunn i den heilskaplege ROS-analysen.

### Avvik nr. 3

Krav til revisjon av beredskapsplanen jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 6, er ikkje tilfredsstilt.

Det går ikkje fram av beredskapsplanen at den er revidert etter den vert utarbeidd i 2015.

## **Dokumentasjon**

Følgjande skriftlege dokument er nytta som grunnlag for tilsynet:

- Beredskapsplan 2015, Solund kommune
- Risiko- og sårbarheitsanalyse Solund kommune, 2015
- Beredskapsplan Hardbakke vassverk, 2016
- Helseberedskapsplan, 2015
- ROS-analyse smittevern
- Smittevernplan Solund kommune
- Beredskapsplan Solund barne- og ungdomsskule
- Beredskapsplan for Solund barne- og ungdomsskule
- ROS-analyse Solund barnehage
- Evalueringssrapport:
  - Rapport etter Atomberedskapsøving september 2018
- Distribusjonslister
  - Beredskapsleiinga i Solund kommune
  - Eksterne ressursar
  - Lag og organisasjonar
  - Passasjerbåtar
  - Psykososialt kriseteam
  - Større bygg - overnatting